



VEDTEKTER FOR FEDJE BARNEHAGE

Gjeld fra juni 2021

1. Eigartilhøve

Fedje kommune eig og driv barnehagen

2. Lovverk

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om Barnehagar m/forskrifter og rammeplan for barnehagar samt kommunale vedtekter og årsplanar for barnehagen.

3. Formål.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheitar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnad.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Endra ved lov 19.des 2008 nr 119 (ikr. 1.aug 2010 iflg. res. 18 juni 2010 nr. 828).

4. Opningstider og barnehagerute

Barnehagen vert driven som heildagsbarnehage og han er open 10 timer pr. dag. opningstida er frå 07.10 – 17.10. Timen frå 16.00 – 17.10 skal tingast seinast dagen før i opningstida til barnehagen. Om timen frå klokka 16.00 – 17.00 er tinga, kan andre born også nytta tilbodet innan bemanningsnormens grenser.

Barnehagen er open heile året med unnatak av det som elles framgår av punkt 4.

Barnehagen følgjer barnehageruta og er stengt julaftan og nyttårsaftan. Onsdag i påskeveka stengjer barnehagen klokka 12.00.

Barna skal ha 4 veker ferie i løpet av året, 3 av desse vekene må takast ut samanhengande i perioden 15.juni – 15. august.

Barnehagen fylgjer skuleruta, og nytt barnehageår fylgjer tidspunkt for skulestart kvar haust.

Personalet har 5 planleggingsdagar / kursdagar i året. Desse dagane er barnehagen stengt.

Følgjande retningslinjer gjeld for ekstraopphald:

- Fedje barnehage reknar ekstra foreldrebetaling ved meiropphald i barnehagen, utover den off. fastsette opphaldstida.
- Ved akutt behov for forlenga opphaldstid skal føresette henvenda seg til styrar.
- Ekstraopphald som ikkje er avtala på førehand, skal godtgjera med kr. 125,- pr. halvtime, og sidan med kr. 100,- påbyrja time.
- Det er ein føresetnad at styrar informerer føresette om at det tal timer/dagar som barn er tildelt, er den reelle opphaldstida for det einskilde barnet.
- Ved gjentatt for sein henting, og for tidleg bringing, må plassen vurderast.

5. Barnetal, alder og inntak

Barnehageinntaket vert fastsett pga. arealvilkåra i samsvar med departementets veilederende arealnorm.

Barnehagen disponerer i dag 130 m² (bruksareal).

Arealkrav

| | |
|-----------------|---------------------|
| Barn under 3 år | 5.33 m ² |
| Barn over 3 år | 4.0 m ² |

Barn under 3 år tel for 2 plassar. Eit barn vert rekna for å vere 3 år frå august det året dei fyller 3 år.

Barnehagen vert organisert etter vekslande behov, som ein – eller toavdelings barnehage.

6. Søknad om opptak

Søknad om opptak av barn vert å senda til barnehagen innan 1.mars, på elektronisk skjema. Kunngjering vert gjort lokalt. Ein kan søkje på full plass (100%) eller på ulike deltidsalternativer, slik det går fram av søkeradsskjema.

Gjennom barnehageåret vert det gjort fortløpende kvartalsvise opptak med søkeradsfristar; 1. juni, 1. september og 1. desember. 1. mars er søkeradsfrist for hovudopptak for nytt barnehageår.

7. Opptak

Opptak og fordeling av barn på ulike dagar vert føreteke av styraren.

8. Klage på opptak

I offentlege barnehagar er tildeling av plass /avslag på søknad om barnehageplass å rekna som einskildvedtak og forvaltningslova sine reglar gjeld fulltu ut.

Foreldre/føresette som ikkje får tildelt barnehageplass til barna sine kan påklage dette vedtaket.

Klageorgan

Formannskapet

9. Opptaksriterium

Følgjande forhold vert tillagt vekt ved inntak i barnehagen:

- Funksjonshemma barn som kan ha nytte av tilbod i vanleg barnehage
- Barn med særlege behov/vanskar slik som:
Tilpassingsproblem, varig sjukdom, vanskeleg livssituasjon pga. varig/alvorleg sjukdom og/eller vanskar i heimen.
- Barn til einsleg forsytar i arbeid, under utdanning eller attføring.
- Ved inntak kan det takast omsyn til spesielle rekrutteringsproblem i kommunen.

10. Opptakssystem

Barn som er tildelt plass i communal heildags barnehage får same tilbodet fram til barnet tek til på skulen, eller til foreldre/føresette skriftleg seier opp plassen.

11. Oppseiing/endring av plass

Endring av plass kan verta innvilga dersom det er ledig plass. Skal eit barn slutta i barnehagen i løpet av barnehageåret, må skriftleg oppseiing liggja føre seinast 1 månad før barnet vert teke ut. Oppseiingstidspunkt er den 1. i månaden.

12. Frammøte ved sjukdom

Når barn er sjuke eller av andre årsaker ikkje møter i barnehagen, må foreldre gje melding om dette innan klokka 09.00 same dag (tryggleik for både foreldre og barn).

Barn skal i regelen møte i barnehagen innan 09.00.

Stort fråvær utan gyldig grunn og manglande oppfølging av frammøte – og hentetider, kan føra til at barnet mister plassen.

Styrar i barnehagen, i samråd med foreldre, og om naudsynt i samråd med helsesøster, avgjer om eit barn grunna sjukdom mellombels ikkje kan vera i barnehagen av omsyn til barnet sjølv eller dei andre barna.

13. Administrasjon

Styrar i barnehagen er dagleg leiar for verksemda. Styrar har ansvar for fagleg forsvarleg drift, personal – og økonomi i barnehagen, i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lov og forskrift, delegasjonsreglement/personalreglement i Fedje kommune.

Administrativt er barnehagen underlagt kommunestyret. Rådmann er nærmeste overordna.

Vedlikehald og bygningsmessige forhold er tillagt teknisk sjef.

14. Styringsverk

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd, jfr LoB §4

Kommunestyret er overordna samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet må rette seg etter dei vedtak som til ei kvar tid vert gjort gjeldande.

Samarbeidsutvalet har følgjande samansettning:

| Representant | Antall |
|-----------------------|--------|
| Kommunen | 1 |
| Foreldre | 1 |
| Tilsette i barnehagen | 1 |

Styraren er sekretær og førebur sakene for samarbeidsutvalet. Styraren har møte – og talerett. Referat frå møter i SAU skal sendast til rådmannen til orientering.

Rådmann har møte – og uttalerett i barnehagen sitt samarbeidsutval.

15. Tilsettning av personale

Barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing.

Bemanninga i barnehagen skal tilpassast inntaket til ei kvar tid.

Kommunen/eigar tilset personalet i barnehagen.

Den som vert tilsett må leggje fram gyldig politiattest.

16. Teieplikt

Ein person som utfører tenester eller arbeid etter Barnehageloven har teieplikt etter barnehagelova §44

17. Internkontrollsysten

Barnehagen skal ha eit internkontrollsysten som dokumenterer at helse, miljø og tryggleik er ivaretatt på dei områda internkontrollforskriftene er gjort gjeldande.

18. Tilsyn

Fedje kommune oppnemnar ansvarleg i Fedje barnehage til å ta del i det interkommunale «tilsynskorpset». I eigen kommune vert det utpeika av rådmann ein ansvarleg for tilsyn saman med barnehagefagleg person frå «interkommunal tilsynskorps». Kommunestyret fattar etter innstilling frå tilsynsansvarleg, vedtak om pålegg. Plan for lokalt tilsyn skal utarbeidast og følgjast.

19. Vedtektsendringar

Endringar i vedtekten skal gjerast av kommunestyret.
Rullering av vedtekter minimum kvar kommunestyreperiode.